

Vegen var ikkje skada, er opna att

16.01.2011



Dimmelsvik Entreprenør har her opna for bekken. I bakrunnen Uskedalselva.

Sjølve fylkesvegen på Døsslandssido vart som antatt ikkje skada av raset og vassflommen som gjekk over han i dag.

Klokka 15 var det igjen mogeleg å passera ras-staden etter at Dimmelsvik Entreprenør hadde rydda opp med gravemaskin.

Dei laga bokstaveleg tala veg i vellinga ved å fjerne tømmerstofkar og anna som stengde for vatnet i Skiftebekken og tvang det over vegen i staden for under.

Folk i området fortel at det dundra skikkeleg då raset kom i dag. Eigentleg kom det 5-6 ras oppe i fjellsida, men heldigvis var det altså berre eitt som kom heilt ned til dalbotnen ved å følgja bekken. Og heldigvis vart heller ingen hus ramma.

Men regnet held fram i store mengder og det er frykt for nye ras både i dette området og andre stader.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)



Dimmelsvik Entreprenør laga veg i vellinga